



Kristin Goverud  
Fosse 205  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/985 - 19/16679

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
05.08.2019

## Godkjenning av fritak for gjødselplan GBNR 25/4 Fosse

**Administrativt vedtak. Saknr: 171/2019**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad om fritak for gjødselplan motteke 29.04.2019 grunngjeve med ekstensiv drift. Produksjonen er grasproduksjon med varig eng og beite. Bruket har 2 hestar som omrekna utgjer 1 GDE (gjødseldyreining). Det disponerar 9,5 daa fulldyrka og 50,8 daa innmarksbeite. Dyra går på beite i sommarhalvåret. Det vert produsert om lag 6 m<sup>3</sup> tørr gjødsel som vert spreidd i april.

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan, etter søknad frå føretaket, dipsensera for kravet om gjødselplan dersom drifta er svært ekstensiv. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket vert drive ekstensivt, har få gjødseldyreningar og stort areal i høve til dyretal. Dette talar for å gje frita frå krav om gjødselplan.

### Lagring/spreiing

Sjølv om bruket får fritak frå krav om gjødselplan må reglane i gjødselvareforskrifta om lagring og spreieing av husdyrgjødsel følgjast. Fast strøblanda gjødsel med meir enn 25 prosent (hestemøk) kan lagras direkte på bakken, men skal vera beskytta mot overflatevatn. På våre kantar vil det ofte i tillegg vera naudsynt å dekkja den til for å beskytta mot regn dersom den vert mellomlagra ute. Dette for å hindra avrenning frå gjødsla som kan føra til ureining.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Konklusjon

Kommunen vil gje dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Det er eit vilkår at ukjøring og spreining skjer innanfor dei tidsrammer som er sett i gjeldande regelverk. Dette for å unngår avrenning av næringsstoff frå areala.

## Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.09.2024 for gnr.25, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Det er eit vilkår for vedtaket at søkjar forhold seg til ei kvar tid gjeldande reglar i gjødselvareforskrifta når det gjeld utkjøring og spreing av hestemøk

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Kristin Goverud

Fosse 205

5919

FREKHAUG